



Aud Karin Løvfall med si samling av postkort av brudar og brudlaup. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Under den andre messa til samlarklubben i Kvinnherad laurdag synte ein uskedeling fram ei fin postkortsamling, som fekk både andre utstillarar og dei besøkjande til å sperre auga opp.

Aud Karin Løvfall (født Bjelland), som har vore busett på Løvfallstrand sidan 1965, har alltid vore ein samlar. - Eg har samla på så mykje løye, også frimerke og myntar. Og eg har alltid kjøpt postkort, men dei har eg samla systematisk på berre dei to siste åra. No har eg kome så langt at eg har sett opp kort tematisk, sa Aud Karin då ho presenterte samlinga for uskedalen.no i Kulturhuset på Husnes.

Ikkje minst hadde ho ein flott serie med bunadskort og kort frå to gamle turistvegar: Odda-Bratlandsdalen-Røldal-Suldal og Kvinnherad-Folgefonn-Odda. I den siste serien inngår mellom anna unike foto som syner korleis ferdsla over fonna gjekk føre seg i gamle dagar.

- Eg har også mange fine og gamle postkort frå Uskedalen, men dei har eg ikkje med meg til messa, fortalde Aud Karin.

Korta frå Mauranger illustrerer mellom anna kor viktig denne staden var som innfallsport for turistar i tidlegare tider, til dømes med cruise-skip frå England som kom dit ein gong i veka.

Men dei besøkjande fatta naturleg nok særleg interesse for Kaare Skaala sin myntsamling frå Skåla i Rosendal. Den vart funna i utmarka i 1920-åra – i ei skinnveske under ein stein. Kaare har framleis i si eige 100 myntar frå dette funnet. Det er ein riksdalar frå 1683, men dei andre myntane er sinskillingar frå 1771.

Dei fleste av utstillarane på Husnes kom med myntar og ein odding hadde heile samlinga si til sals for 18.000 kroner.

Otto Blokhus har også ei fint myntsamling der den eldste mynten er ein eittøring frå 1876. Til dømes har han rundt 250 eittøringar frå fleire krigsåar utan at det nokon spesielt høg verdi.

Av Ola Matti Mathisen



Slik var det ved kaien på Løfallsstrand først på 1960-talet. Normann-postkort som er i Anne Karin Løvfall si eige.